

23/15 Sluttbehandling av kommuneplanen 2015 - 2026

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utval for formannskap/plan og økonomi	16.04.2015	44/15
2 Kommunestyret	23.04.2015	23/15

Administrasjonen si innstilling:

Samfunnsdelen

1. I medhald av § 11-1 og 11-2 i plan- og bygningslova godkjenner Voss kommunestyre framlegg til kommuneplan for Voss 2015-2026, samfunnsdelen, datert 22.09.2014, med desse endringane ;
 - 1.1. Oppstarta arbeid med kommunedelplan for E 16 Sleen- Åsbrekke skal omtalast i kap. 2.7 i samfunnsdelen.
 - 1.2. I kap. 2.5 skal regional plan for Nordfjella med Raudafjell 2014-2025 opplistast.
 - 1.3. Administrasjonen får fullmakt til å justera statusomtalen i planen på grunnlag av merknadane frå div. vidaregåande skular.

Arealelen

2. I medhald av § 11-1 og 11-5 i plan- og bygningslova godkjenner Voss kommunestyre framlegg til kommuneplan for Voss 2015-2026, arealdelen, datert 22.09.2014, med desse endringane ;
 - 2.1. Plankartet skal bestå av 2 paralelle plankart der det eine kartet også viser samtlege omsynsonar i tillegg til dei ulike arealformåla. Begge karta skal ha fullstendig teiknforklaring og vise innbyrdes samanheng.
 - 2.2. Det skal utarbeidast ei omsynsone OM 310 som viser samla skredfare, basert på NVE sine aksomheitskart.
 - 2.3. På grunnlag av nye flaumberekningar frå NVE skal nye klimaframskrevne kotehøgder leggjast til grunn for 200 årsflaumen. Kap 4.4 skal justerast i høve til dette.
 - 2.4. Planomtalen (kap.1) skal endrst slik ; jf. vedlegg1.
 - 2.5. Kap. 2 (generelle føresegnar) skal ha slikt nytt punkt 1 ; Tidlegare vedtekne planar (jf. vedlegg 2 i arealdelen) skal framleis gjelde, dersom dei ikkje er i strid med kommuneplanen. For eldre planar skal kommuneplanen gjelde.
 - 2.6. I kap. 2, punkt 5 skal det i 3 avsnitt visast til krav i §7 -2 i byggtknisk forskrift (TEK 10).
 - 2.7. I kap. 2, punkt 5 skal avsnitt 5 og 6 utgå.
 - 2.8. Kap. 2, punkt 5b skal lyde slik ; "Kommunen kan i reguleringsplan setje utfyllande krav til universell utforming og tilgjengeleg bueining, jf. plan- og bygningslova § 12-7".
 - 2.9. I kap. 2. punkt 5c skal det visast til PBL § 11-9 nr. 5
 - 2.10. Føresegnene til bustader, kap.3.1. pkt. 1 skal ha slik ordlyd; "Det er krav om godkjend reguleringsplan for bygging av bustader. Unntak er byggetiltak inntil fire bustadeiningar". Pkt. 2 skal ha slik ordlyd; "Uteopphaldsareal skal ha eigna form, storleik og plassering for å ta vare på rekreasjon og leik for barn. Areala skal ha samla plassering og ikkje vere restareal. Uteopphaldsareala skal vere skjerna frå støy og forureining og ha

- gode solforhold. Areala skal opparbeidast med god og varig kvalitet og skal vere ferdigstilt samtidig med bustadene”.
- 2.11. Føresegnene til fritidsbustader, kap.3.1. pkt 1 skal ha slik ordlyd; “Det er krav om godkjend reguleringsplan for bygging av fritidsbustader. Unntak er byggetiltak inntil fire einingar”. Pkt. 5 i retningslinene for fritidsbustader (kap.6.9) skal inn som punkt 2 i føresegnene.
 - 2.12. I føresegnene til campingplassar, kap.3.1.4, punkt1A skal det framgå at det ikkje kan godkjennast campingplassar utan reguleringsplan. Punkt 1B skal lyde; “For campingplassar med vedteken reguleringsplan gjeld dette;”. Punkt 2.2. og punkt 3 skal utgå av føresegnene.
 - 2.13. I føresegnene til råstoffutvinning , kap. 3.1.5 pkt 1 skal siste setning utgå.
 - 2.14. Føresegner for reguleringsmagasin, høgspentanlegg og transformatorstasjonar skal flyttast til kap. 3.2.4.
 - 2.15. Kap. 3.2 skal endrast slik ; “3.2.1 **Veg**. I samsvar med Veglova §§ 29 og 30 og Statens vegvesen sin Rammepplan for riks- og fylkesvegar i Region vest, er det byggegrensar langs offentleg veg. Byggverk, installasjonar, utgraving eller oppfylling kan ikkje plasserast utan etter særskilt løyve frå vegmynde, dersom anna ikkje følgjer av gjeldande reguleringsplan for området. 3.2.2 **Jernbane**. I samsvar med Jernbanelova § 10 er det forbode, uten etter avtale med Jernbaneverket å oppføre bygning eller annan installasjon, foreta utgraving eller oppfylling innan 30 meter rekna frå næraste spor si midtlinje, dersom ikkje anna følgjer av reguleringsplan.3.2.3. **Flyplass**. Landingstripa på Bømoen er kun til privat bruk og all trafikk skal skje i tråd med konsesjonsvilkåra og etter avtale med konsesjonshavar”. 3.2.4. **Reguleringsmagasin, høgspentanlegg og transformatorstasjonar**
 - 2.16. Kap. 3.4 skal endrast slik; “ I Mjølfjell- Brandset er det avsett eit større område til skyte-og øvingsfelt. Forsvaret kan stenge området for ålmenta under øvelsar. På Bømoen er tidlegare område for forsvaret under tilbakeføring til sivil bruk. Dei nye arealformåla skal nærare avklarast gjennom eigen reguleringsplan for området. På Tvildemoen – Vasslia har forsvaret ei sikringsone rundt anlegget, jf. kap. 4.5.
 - 2.17. Kap.3.5.1 punkt 1 skal endrast slik; “ Ved søknad om dispensasjon for spreidd utbygging utanfor LNF- område, der dette er opna for, skal det kunne dokumenterast at tiltaket ikkje vil setje omsyna bak LNF-føremålet vesentleg til side, og at fordelane med ei utbygging vil vera klart større enn ulempene (jf. PBL § 19). Vurdering av dispensasjon i desse områda skal vera minst like streng som i område der det er opna for spreidd utbygging. Søknad om utbygging skal sendast på høyring til fylkeskommunen, fylkesmannen, vegvesen og ev. andre regionale etatar som kan ha interesser i saka.
 - 2.18. Kap.3.5.pkt 3 i føresegner for LNF-område skal flyttast til kap. 6.2 punkt 1. Sentrumsområdet som er vist på kart 07.07.2014 skal justerast slik ; Areal over Bordalsvegen ved Ronve går ut. Areal ved

- Raberget (aust for R 13) går ut.
- 2.19. I kap. 3.5 punkt 1 i føresegner til LNF-område spreidd bustadbygging skal ha slik ordlyd; "Utbygging kan skje innanfor avgrensa område som einskildtomter".
 - 2.20. I kap. 3.5 punkt 3 i føresegner til LNF-område spreidd fritidsbustader skal ha slik ordlyd "Utbygging kan skje innanfor avgrensa område som einskildtomter".
 - 2.21. I kap. 3.5, pkt 5, føresegner for fritidsbustader, skal det stå fritidsbustad og ikkje bustad.
 - 2.22. Områdereguleringsplanen for Bømoen skal avklare den vidare arealbruken i området. Dei nye arealformåla er omtala i kap. 4.6. På arealkartet skal området ha førmål LNF og bandleggjast inntil til det føreligg godkjend områdereguleringsplan. Det nye støykartet (2014) skal leggjast til grunn i det vidare arbeidet. Kap. 4.2 (første avsnitt) skal rettast slik høve til dette; "Det føreligg no nytt støysonekart for Bømoen (2014). OM210_1 viser raud støysone , OM220_1 og 2 viser gul støysone. Kartet erstattar støykartet frå 2004".
 - 2.23. I kap. 4.6, andre avsnitt skal ha slikt tillegg ; " Området har tidlegare vore avsett som område for forsvaret. I påvente av reguleringplan er området tilbakeført til LNF.
 - 2.24. Kap. 6.5 Retningsliner for bustadfortetting går ut.
 - 2.25. Retningsliner for parkeringsdekkning (kap. 6.6) skal omgjeraast til føresegner.
 - 2.26. Kap. 6.9, punkt 4. skal endrast slik ; " I ny reguleringsplan, med godkjent innlagt vatn og avløp, kan det i føresegnene gjevast høve til å ha over 110 m2 bebygd areal. Ved søknad om bebygd areal over 110 m2 skal berekraftig energibruk (energikjelde og mengde) tilleggjast særleg vekt.
 - 2.27. Pkt. 6.9.6 skal endrast slik ; Det bør ikkje tillataast utbygging av fritidsbustader i eller nær stølsområde. Ved ev. oppføring av nye bygg eller mindre tilbygg og ombyggingar i stølsområde skal det takast omsyn til landskap, eksisterande byggeskikk, farge og materialval. Storleik, møneretning, takvinkel, takutstikk, farge med meir skal vere tilpassa eksisterande bygg. Terrassar og altanar vert ikkje godkjent på stølar. Kommunedelplan for kulturminne i Voss skal leggjast til grunn ved ev. bygging i stølsområdet.
 - 2.28. Retningsliner for differensiert forvaltning av vassdrag i Voss kommune skal omgjeraast til føresegner.
 - 2.29. Kap. 7.1. skal ha slikt tillegg til avsnitt 7 ; jf. vedlegg 2.
 - 2.30. For områda FT1, FT2 og FT7 (campingplassar) vert det stilt rekkefølgekrav om at ny E16 trase må avklarast før plassane kan godkjennast og opparbeidast. Føresegnene i KU-vurderingane skal rettast i høve til dette. Områda skal visast som bandlagde område (omsynsone 710_11) inntil det føreligg godkjend reguleringsplan for ny vegtrase.
 - 2.31. Tilkomst til FT3 skal inngå som ein del av reguleringsplanen for campingplassen.
 - 2.32. N2 (næringsområde) går ut av planen.
 - 2.33. N27 (næringsområde) går ut av planen.
 - 2.34. N29 (næringsområde) går ut av planen.

- 2.35. N30 (næringsområde) går ut av planen. Området skal visast som LNF spreidd næringsbebyggelse på plankartet.
 - 2.36. R3 (område for råstoffutvinning) går ut av planen
 - 2.37. R4c (område for råstoffutvinning) går ut av planen
 - 2.38. R5 (område for råstoffutvinning) går ut av planen
 - 2.39. Ved R1 skal det framgå i føresegnene knytta til KU vurderinga at det skal avsetjast ein funksjonel buffersone mot E16 og Strandaelva og at ei utbygging ikkje skal medføra utslepp til vassdraget. Tilkomst frå E16 skal inngå som ein del av reguleringsplanen.
 - 2.40. Ved R2 skal buffersonen til Raundaelva utvidast til 50m for å ivareta omsynet til vassdraget, kulturminna og framtidig arealbruk i indre leir.
 - 2.41. I2 (Hildestveit, område for idrettsanlegg) går ut av planen
 - 2.42. Arealet i I1 (skiheis i Dyrvedalen) skal avgrensast (jf. nytt kart datert xxx) og det skal stillast krav om at tilkomst for brukarane av heisen kun kan tilretteleggjast via anlegga i Bavallen el. Hanguren. Tilkomst gjennom Dyrvedalen kan kun tilretteleggjast for dei som skal drifte heisen .
 - 2.43. Bustadområda B6, B7,B9,B11,B14,B19,B20,B21,B38,B58, B60 går ut av planen.
 - 2.44. B36 går ut av planen. Området skal ha aralformål LNF spreidd boligbebyggelse. Det kan godkjennast inntil 3 bueiningar innafor området.
 - 2.45. Sikker skuleveg skal vera eit rekkefølgekrav i føresegnene til B17.
 - 2.46. Utbygging av B3 og B35 bør sjåast i samanheng. Tilkomst frå fv 306 skal inngå som ein del av reguleringsplanen. Dette skal framgå av føresegnene i KU- vurderinga.
 - 2.47. B43 kan ikkje godkjennast dersom det krev erosjon- el. rassikring som inneber inngrep i kantsona (20m- beltet mot Vosso). Dette skal framgå av føresegnene knytta til KU- vurderinga.
 - 2.48. Ved ei ev. utbygging av bustader i B16 skal det minst vera 20m avstand til den aktive driftbygningen på bruk 173/7.
 - 2.49. Prestebustadeigedommen på Oppheim skal visast som bustadføremål i tråd med faktisk bruk.
 - 2.50. F24 og F37 (område for fritidsbustader) går ut av planen
 - 2.51. F29 (Solnutane) skal trekkjast lengre ned mot tidlegare utbygde område og det kan maksimalt byggjast 50 fritidsbustader i feltet.
 - 2.52. Område under regulering på 309/1 “ Skogstad “skal visast i kommuneplanen som område for fritids- og turistformål og med omsynsone 710_11 (bandlegging inntil det føreligg godkjend reguleringsplan).
 - 2.53. Formålsgrensene på plankartet skal justerast i tråd med merknadane frå Bolstadøyri grendalag.
3. “Plan for hovudnett for sykkel i Voss sentrum “ vert vedteke som ein del av kommuneplanen. FPL sitt vedtak i sak 38/14 vert lagt ved planen.
 4. Det skal utarbeidast ei eige sak til kommunestyret som regulerer bruk og innhald i utbyggingsavtalar i Voss kommune. Vedtaket skal innarbeidast som føresegner ved neste rullering av kommuneplanen.

5. Voss kommunen bør i samarbeid med Opplysningsvesenets fond arbeide for å tilrettelegg fleire bustadtomter i Evanger området. Voss kommune bør og i samarbeid med lokale krefter arbeida for at friområdet og den gamle postbryggja i området kan ivareta og utviklast. Tilsvarande bør kommunen ta kontakt med vegvesenet for å vurdere kryssløysinga frå E-16 til Evanger sentrum.
6. Merknadande om støyproblem frå Bømoen flyplass frå K. Østrem og M. Ringheim vert oversent planarbeidet med områderreguleringsplan for Bømoen.
7. Voss kommune skal oversende merknadane frå Ivar Husdal til NVE om at det ligg fleire større steinblokker over byggefeltet på Vinje .

Saksordførar til kommunestyret ; Sigbjørn Hauge

- supplerande innstilling frå rådmannen

Saka vart drøfta i FPL-møte 29.01.2015. Rådmannen la her fram ny innstilling til pkt. 2.5 ;

Pkt 2.5. punkt 1 ; Tidlegare vedtekne planar (jf. vedlegg 2 i arealdelen) skal framleis gjelde, dersom dei ikkje er i strid med kommuneplanen. Kommuneplanen skal supplere eksisterande planar, samt at nye nasjonale og regionale føringar gjeld framfor eksisterande planar.

Ordførar fekk fullmakt til å gjennomføre eit nytt møte med Fylkesmannen for å løyse fleire, opplista, motsegner. Referat frå møtet med Fylkesmannen den 13.02 ligg vedlagt.

Rådmannen vil på grunnlag av resultatet av møtet med Fylkesmannen tilrå at innstillinga vert endra slik;

Pkt. 2.25 skal ha slikt tillegg ;ved neste rullering av kommuneplanen.

Pkt. 2.28 skal ha slikt tillegg ;ved neste rullering av kommuneplanen.

Pkt. 2.43 skal lyde slik; *B11, B14, B19,B20, B21, B58, B60 går ut av planen*

Ved ei mistyding frå administrasjonen vart det lagt til grunn at Fylkesmannen framleis hadde motsegn mot B9 (Hjelle). Denne motsegna vart imidlertid trekt etter møtet 22.12.2015.

Rådmannen vil derfor i tråd med konklusjonen til Fylkesmannen tilrå ei redusert utbygging på inntil 3 bueiningar i dette området.

NVE har i mail av 19 febr. til kommunen kome med nye flaumberekningar for Vosso. Det går her fram at ny 200-årsflaum vil ligge på kote 51.1m. Med eit risikotillegg på 30cm vil Tek 10 kravet ligge på 51.4 m. Dette er eit minimumskrav som kommunen må forhalde seg til. NVE tilrår imidlertid kommunen å legge på eit klimapåslag på 40 % .

Administrasjonen har ikkje fagleg grunnlag for å sjå bort frå denne tilrådinga frå NVE. Ved ikkje å ta omsyn til denne tilrådinga kan kommunen kome i ein vanskeleg situasjon dersom skader oppstår av nye store flaumar. Adm. vil derfor tilrå at ny kotehøgde for klimaframskreve 200- års flaum blir kote 53.2m og at flaumsonekartet for sentrumsområdet vert justert i høve til dette. I kap. 4.4 (flaumfare) bør få følgande tillegg ; «Flaumkartet for Melsvatnet – Lundarvatnet må oppdaterast i høve til nye tal frå NVE før ny utbygging kan godkjennast i området».

Vedlegg 2 i arealdelen (Gjeldande planar) skal oppdaterast fram til vedtaksdato for kommuneplanen.

Møtebehandling

Rep Marit Wæhle fratradte som inhabil under røysting om pkt som gjelder Dyrvedalen I1

Rep. Bjørg Djukastein fremma sitt framlegg frå FPL :
Tillegg : B9 vert tilrådd ei utbygging inntil 5 bueningar.

Rep. Arne Mossefinn sine framlegg frå FPL.

Område I1 vert teken ut av planen.

Område B56 vert teken ut av planen:
(God dyrka mark.)

Framlegg frå S. Hauge :

Tillegg pkt. 2.42: For område I1 kan det ikkje setjast i gang arbeid med reguleringsplan for område, før det er gjort avtale med alle berørte grunneigarar.

Røysting

B9 fem bustadeiningar:
Samrøystes

B56:
Arne Mosefinn sitt framlegg fekk 6 røyster

Framlegg frå Mosefinn mot framlegget frå S. Hauge:
1 røyst mot 41

Heile planen med tilleggstilråding frå administrasjonen samt vedtekne endringsframlegg: Samrøystes

Samrøystes vedtak

1. I medhald av § 11-1 og 11-2 i plan- og bygningslova godkjenner Voss kommunestyre framlegg til kommuneplan for Voss 2015-2026, samfunnsdelen, datert 22.09.2014, med desse endringane ;
 - 1.1. Oppstarta arbeid med kommunedelplan for E 16 Sleen- Åsbrekke skal omtalast i kap. 2.7 i samfunnsdelen.
 - 1.2. I kap. 2.5 skal regional plan for Nordfjella med Raudafjell 2014-2025 opplistast.
 - 1.3. Administrasjonen får fullmakt til å justera statusomtalen i planen på grunnlag av merknadane frå div. vidaregåande skular.

Arealelen

2. I medhald av § 11-1 og 11-5 i plan- og bygningslova godkjenner Voss kommunestyre framlegg til kommuneplan for Voss 2015-2026, arealdelen, datert 22.09.2014, med desse endringane ;
 - 2.1. Plankartet skal bestå av 2 paralelle plankart der det eine kartet også viser samtlege omsynsonar i tillegg til dei ulike arealformåla. Begge karta skal ha fullstendig teiknforklaring og vise innbyrdes samanheng.
 - 2.2. Det skal utarbeidast ei omsynsone OM 310 som viser samla skredfare, basert på NVE sine aksomheitskart.
 - 2.3. På grunnlag av nye flaumberekningar frå NVE skal nye klimaframskrevne kotehøgder leggjast til grunn for 200 årsflaumen. Kap 4.4 skal justerast i høve til dette.
 - 2.4. Planomtalen (kap.1) skal endrst slik ; jf. vedlegg1.
 - 2.5. Kap. 2 (generelle føresegner) skal ha slikt nytt punkt 1 ; Tidlegare vedtekne planar (jf. vedlegg 2 i arealdelen) skal framleis gjelde, dersom dei ikkje er i strid med kommuneplanen. For eldre planar skal kommuneplanen gjelde.
 - 2.6. I kap. 2, punkt 5 skal det i 3 avsnitt visast til krav i §7 -2 i byggt teknisk forskrift (TEK 10).
 - 2.7. I kap. 2, punkt 5 skal avsnitt 5 og 6 utgå.
 - 2.8. Kap. 2, punkt 5b skal lyde slik ; “Kommunen kan i reguleringsplan setje utfyllande krav til universell utforming og tilgjengeleg bueining, jf. plan- og bygningslova § 12-7”.
 - 2.9. I kap. 2. punkt 5c skal det visast til PBL § 11-9 nr. 5
 - 2.10. Føresegnene til bustader, kap.3.1. pkt. 1 skal ha slik ordlyd; “Det er krav om godkjend reguleringsplan for bygging av bustader. Unntak er byggetiltak inntil fire bustadeiningar”. Pkt. 2 skal ha slik ordlyd; “Uteopphaldsareal skal ha eigna form, storleik og plassering for å ta vare på rekreasjon og leik for barn. Areala skal ha samla plassering og ikkje vere restareal. Uteopphaldsareala skal vere skjerma frå støy og forureining og ha gode solforhold. Areala skal opparbeidast med god og varig kvalitet og skal vere ferdigstilt samtidig med bustadene”.
 - 2.11. Føresegnene til fritidsbustader, kap.3.1. pkt 1 skal ha slik ordlyd; “Det er krav om godkjend reguleringsplan for bygging av fritidsbustader. Unntak er byggetiltak inntil fire einingar”. Pkt. 5 i retningslinene for fritidsbustader (kap.6.9) skal inn som punkt 2 i føresegnene.

- 2.12. I føresegnene til campingplassar, kap.3.1.4, punkt1A skal det framgå at det ikkje kan godkjennast campingplassar utan reguleringsplan. Punkt 1B skal lyde; "For campingplassar med vedteken reguleringsplan gjeld dette;". Punkt 2.2. og punkt 3 skal utgå av føresegnene.
- 2.13. I føresegnene til råstoffutvinning , kap. 3.1.5 pkt 1 skal siste setning utgå.
- 2.14. Føresegner for reguleringsmagasin, høgspentanlegg og transformatorstasjonar skal flyttast til kap. 3.2.4.
- 2.15. Kap. 3.2 skal endrast slik ; "3.2.1 **Veg**. I samsvar med Veglova §§ 29 og 30 og Statens vegvesen sin Rammeplan for riks- og fylkesvegar i Region vest, er det byggegrenser langs offentleg veg. Byggverk, installasjonar, utgraving eller oppfylling kan ikkje plasserast utan etter særskilt løyve frå vegmynde, dersom anna ikkje følgjer av gjeldande reguleringsplan for området. 3.2.2 **Jernbane**. I samsvar med Jernbanelova § 10 er det forbode, uten etter avtale med Jernbaneverket å oppføre bygning eller annan installasjon, foreta utgraving eller oppfylling innan 30 meter rekna frå næraste spor si midtlinje, dersom ikkje anna følgjer av reguleringsplan.3.2.3. **Flyplass**. Landingstripa på Bømoen er kun til privat bruk og all trafikk skal skje i tråd med konsesjonsvilkåra og etter avtale med konsesjonshavar". 3.2.4. **Reguleringsmagasin, høgspentanlegg og transformatorstasjonar**
- 2.16. Kap. 3.4 skal endrast slik; " I Mjølfjell- Brandset er det avsett eit større område til skyte-og øvingsfelt. Forsvaret kan stenge området for ålmenta under øvelsar. På Bømoen er tidlegare område for forsvaret under tilbakeføring til sivil bruk. Dei nye arealformåla skal nærare avklarast gjennom eigen reguleringsplan for området. På Tvildemoen – Vasslia har forsvaret ei sikringsone rundt anlegget, jf. kap. 4.5.
- 2.17. Kap.3.5.1 punkt 1 skal endrast slik; " Ved søknad om dispensasjon for spreidd utbygging utanfor LNF- område, der dette er opna for, skal det kunne dokumenterast at tiltaket ikkje vil setje omsyna bak LNF-føremålet vesentleg til side, og at fordelane med ei utbygging vil vera klart større enn ulempene (jf. PBL § 19). Vurdering av dispensasjon i desse områda skal vera minst like streng som i område der det er opna for spreidd utbygging. Søknad om utbygging skal sendast på høyring til fylkeskommunen, fylkesmannen, vegvesen og ev. andre regionale etatar som kan ha interesser i saka.
- 2.18. Kap.3.5.pkt 3 i føresegner for LNF-område skal flyttast til kap. 6.2 punkt 1. Sentrumsområdet som er vist på kart 07.07.2014 skal justerast slik ; Areal over Bordalsvegen ved Ronve går ut. Areal ved Raberget (aust for R 13) går ut.
- 2.19. I kap. 3.5 punkt 1 i føresegner til LNF-område spreidd bustadbygging skal ha slik ordlyd; "Utbygging kan skje innanfor avgrensa område som einskildtomter".
- 2.20. I kap. 3.5 punkt 3 i føresegner til LNF-område spreidd fritidsbustader skal ha slik ordlyd "Utbygging kan skje innanfor avgrensa område som einskildtomter".

- 2.21. I kap. 3.5, pkt 5, føresegner for fritidsbustader, skal det stå fritidsbustad og ikkje bustad.
- 2.22. Områdereguleringsplanen for Bømoen skal avklare den vidare arealbruken i området. Dei nye arealformåla er omtala i kap. 4.6. På arealkartet skal området ha førmål LNF og bandleggjast inntil til det føreligg godkjend områdereguleringsplan. Det nye støykartet (2014) skal leggjast til grunn i det vidare arbeidet. Kap. 4.2 (første avsnitt) skal rettast slik høve til dette; “Det føreligg no nytt støysonekart for Bømoen (2014). OM210_1 viser raud støysone , OM220_1 og 2 viser gul støysone. Kartet erstattar støykartet frå 2004”.
- 2.23. I kap. 4.6, andre avsnitt skal ha slikt tillegg ; “ Området har tidlegare vore avsett som område for forsvaret. I påvente av reguleringplan er området tilbakeført til LNF.
- 2.24. Kap. 6.5 Retningslinjer for bustadfortetting går ut.
- 2.25. Retningslinjer for parkeringsdekkning (kap. 6.6) skal omgjera til føresegner.
- 2.26. Kap. 6.9, punkt 4. skal endrast slik ; “ I ny reguleringsplan, med godkjent innlagt vatn og avløp, kan det i føresegnene gjevast høve til å ha over 110 m² bebygd areal. Ved søknad om bebygd areal over 110 m² skal berekraftig energibruk (energikjelde og mengde) tilleggast særleg vekt.
- 2.27. Pkt. 6.9.6 skal endrast slik ; Det bør ikkje tillatast utbygging av fritidsbustader i eller nær stølsområde. Ved ev. oppføring av nye bygg eller mindre tilbygg og ombyggingar i stølsområde skal det takast omsyn til landskap, eksisterande byggeskikk, farge og materialval. Storleik, møneretning, takvinkel, takutstikk, farge med meir skal vere tilpassa eksisterande bygg. Terrassar og altanar vert ikkje godkjent på stolar. Kommunedelplan for kulturminne i Voss skal leggjast til grunn ved ev. bygging i stølsområdet.
- 2.28. Retningslinjer for differensiert forvaltning av vassdrag i Voss kommune skal omgjera til føresegner.
- 2.29. Kap. 7.1. skal ha slikt tillegg til avsnitt 7 ; jf. vedlegg 2.
- 2.30. For områda FT1, FT2 og FT7 (campingplassar) vert det stilt rekkefølgekrav om at ny E16 trase må avklarast før plassane kan godkjennast og opparbeidast. Føresegnene i KU-vurderingane skal rettast i høve til dette. Områda skal visast som bandlagde område (omsynsone 710_11) inntil det føreligg godkjend reguleringsplan for ny vegtrase.
- 2.31. Tilkomst til FT3 skal inngå som ein del av reguleringsplanen for campingplassen.
- 2.32. N2 (næringsområde) går ut av planen.
- 2.33. N27 (næringsområde) går ut av planen.
- 2.34. N29 (næringsområde) går ut av planen.
- 2.35. N30 (næringsområde) går ut av planen. Området skal visast som LNF spreidd næringsbebyggelse på plankartet.
- 2.36. R3 (område for råstoffutvinning) går ut av planen
- 2.37. R4c (område for råstoffutvinning) går ut av planen
- 2.38. R5 (område for råstoffutvinning) går ut av planen
- 2.39. Ved R1 skal det framgå i føresegnene knytta til KU vurderinga at det skal avsetjast ein funksjonel buffersone mot E16 og Strandaelva og

at ei utbygging ikkje skal medføra utslepp til vassdraget. Tilkomst frå E16 skal inngå som ein del av reguleringsplanen.

- 2.40. Ved R2 skal buffersonen til Raundalelva utvidast til 50m for å ivareta omsynet til vassdraget, kulturminna og framtidig arealbruk i indre leir.
 - 2.41. I2 (Hildestveit, område for idrettsanlegg) går ut av planen
 - 2.42. Arealet i I1 (skiheis i Dyrvedalen) skal avgrensast (jf. nytt kart datert xxx) og det skal stillast krav om at tilkomst for brukarane av heisen kun kan tilretteleggjast via anlegga i Bavallen el. Hanguren. Tilkomst gjennom Dyrvedalen kan kun tilretteleggjast for dei som skal drifte heisen .
For område I1 kan det ikkje setjast i gang arbeid med reguleringsplan for område, før det er gjort avtale med alle berørte grunneigar.
 - 2.43. Bustadområda B6, B7,B9,B11,B14,B19,B20,B21,B38,B58, B60 går ut av planen.
 - 2.44. B36 går ut av planen. Området skal ha aralformål LNF spreidd boligbebyggelse. Det kan godkjennast inntil 3 bueiningar innafør området.
 - 2.45. Sikker skuleveg skal vera eit rekkefølgekrav i føresegnene til B17.
 - 2.46. Utbygging av B3 og B35 bør sjåast i samanheng. Tilkomst frå fv 306 skal inngå som ein del av reguleringsplanen. Dette skal framgå av føresegnene i KU- vurderinga.
 - 2.47. B43 kan ikkje godkjennast dersom det krev erosjon- el. rassikring som inneber inngrep i kantsona (20m- beltet mot Vosso). Dette skal framgå av føresegnene knytta til KU- vurderinga.
 - 2.48. Ved ei ev. utbygging av bustader i B16 skal det minst vera 20m avstand til den aktive driftbygningen på bruk 173/7.
 - 2.49. Prestebustadeigedommen på Oppheim skal visast som bustadføremål i tråd med faktisk bruk.
 - 2.50. F24 og F37 (område for fritidsbustader) går ut av planen
 - 2.51. F29 (Solnutane) skal trekkjast lengre ned mot tidlegare utbygde område og det kan maksimalt byggjast 50 fritidsbustader i feltet.
 - 2.52. Område under regulering på 309/1 " Skogstad "skal visast i kommuneplanen som område for fritids- og turistformål og med omsynsone 710_11 (bandlegging inntil det føreligg godkjend reguleringsplan).
 - 2.53. Formålsgrensene på plankartet skal justerast i tråd med merknadane frå Bolstadøyri grendalag.
3. "Plan for hovudnett for sykkel i Voss sentrum " vert vedteke som ein del av kommuneplanen. FPL sitt vedtak i sak 38/14 vert lagt ved planen.
 4. Det skal utarbeidast ei eige sak til kommunestyret som regulerer bruk og innhald i utbyggingsavtalar i Voss kommune. Vedtaket skal innarbeidast som føresegner ved neste rullering av kommuneplanen.

5. Voss kommunen bør i samarbeid med Opplysningsvesenets fond arbeide for å tilrettelegg fleire bustadtommer i Evanger området. Voss kommune bør og i samarbeid med lokale krefter arbeida for at friområdet og den gamle postbryggja i området kan ivareta og utviklast. Tilsvarende bør kommunen ta kontakt med vegvesenet for å vurdere kryssløysinga frå E-16 til Evanger sentrum.
6. Merknadane om støyproblem frå Bømoen flyplass frå K. Østrem og M. Ringheim vert oversent planarbeidet med områdeplaneringsplan for Bømoen.
7. Voss kommune skal oversende merknadane frå Ivar Husdal til NVE om at det ligg fleire større steinblokker over byggefeltet på Vinje .

[Lagre]